



Adresseliste, sjå vedlegg

## **Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal 2017**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil også i år dele ut Kulturlandskapsprisen. Prisen går til ein eller fleire gardbrukarar som utmerkar seg med miljøvenleg drift, og den skal delast ut under opninga av Dyregoddagane i Gjemnes 1. september.

Vi inviterer lag, organisasjonar, kommunar og einskildpersonar til å komme med forslag på kandidatar til Kulturlandskapsprisen før 1. august 2017. Vi ber også om hjelp til å spreie denne invitasjonen vidare til andre aktuelle forslagsstillarar.

### **Dette er kriteria som kandidatane skal vurderast etter:**

- At ålmenta har tilgang til å oppleve kvalitetar i kulturlandskapet gjennom friluftsliv og rekreasjon
- At drifta medverkar til ei positiv fokusering på dei verdiane som landbruket representerer. At kandidatane er med på å skape eit ope landbruk i tillegg til eit ope landskap
- At kandidatane med utgangspunkt i kulturlandskapet og lokale tradisjonar har skapt ny næring på garden
- At det vert teke omsyn til kulturminne, byggeskikk og miljøverdiar som til dømes biologisk mangfald i drifta
- At drifta tek omsyn til ulike miljøutfordringar på bruket og i nærområdet

Alle kriteria treng ikkje å vere oppfylte på ein gong, men prisvinnaren må vere ein god ambassadør for Bygde-Norge og for landbruket. Det er ein føresetnad at det er aktiv drift på bruket, og at miljøkrava i forskrift om produksjonstilskot i jordbruket er oppfylte. Bruket bør ha eit kvalitetssystem (KSL) som fyller minstekrava i plante- og husdyrproduksjonen.

Forslaget må innehalde ei kort grunngjeving for kvifor kandidaten fortener å få Kulturlandskapsprisen 2017 og bilete frå det aktuelle bruket.

### **Desse har fått Kulturlandskapsprisen dei siste fem åra:**

- **2012: Kristen Stokkeland, Vestnes:** Sentrumsnært gardsbruk med stort husdyrhald. Driv Feøya naturreservat

- **2013: Annlaug og Per Devold, Rauma kommune:** Gamal slektsgard med mange gamle, godt vedlikehaldne bygningar og velstelte areal. Matsservering i det gamle eldhuset
- **2014: Anne Grete Røymo og Roy Andersen:** Driv med sau på Røymo øvst i Sunndal. Bruket ligg innafor det utvalde kulturlandskapet på fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal. Har nyleg investert i nytt sauefjøs
- **2015: Iris og Arnfinn Westerås:** Driv Westerås gard i Geiranger. Skjøttar bratt areal med beiting og driv restaurant
- **2016: Stein Brubæk:** Driv gardsbruk med mjølkeproduksjon, Brubekken Gårdsmeieri i Gjemnes og setra Torbuvollen i Sunndal. Aktiv i skjøtsel av kulturlandskap, utnytting av lokale ressursar, produksjon av lokalmat og i å ta vare på gamle tradisjonar, oppskrifter og produksjonsmetodar

Send forslaget før 1. august til :

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde eller som e-post til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no)

Kontaktpersonar: Assisterande landbruksdirektør Ottar Longva, tlf. 71 25 84 02/908 62 316 eller fagkoordinator Synnøve Valle, tlf. 71 25 84 28/911 83 866.

Med helsing

Ottar Longva (e.f.)  
assisterande direktør

Synnøve Valle

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg: Adresseliste

Adresseliste:

Kommunane i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal bondelag, boks 2047, 6402 Molde

Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag, Brakstadstranda 345, 6636 Angvik

Landbruk Nordvest, boks 2023, 6402 Molde

Norsk landbruksrådgiving Vest SA, boks 197, 6822 Sandane

Gjermundnes vidaregåande skule, 6392 Vikebukt

NORSØK, Gunnars veg 6, 6630 Tingvoll

NIBIO, Gunnars veg 6, 6630, Tingvoll

Jordvern Møre og Romsdal, boks 2047, 6402 Molde

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, boks 2500, 6404 Molde

Nortura SA, Verftsgata 10, 6416 Molde

Tine SA, Verftsgata 10, 6416 Molde